


# Kystkultur.no

– mykje meir enn ei nettside

Gjennom å løfta fram det lokale og ekte,  
skal Kystkultur.no vera det digitale navet,  
som gjer det enkelt å navigera  
på det lokalkulturelle havet!



# Prinsippskisse for Kalender-f

15) Evalueringsskjema

14) Datastatistikk

13) Arkiv / dokumentasjon

12) Gjennomføring  
av arrangementet

11) Hastevarsel

10) Schibsted på tvers

9) 1-4 veker etter publisering / 14-7 dagar før arr:  
Lokalavis: digital annonse og pressepakke  
Nyhendebrev frå Kystkultur.no, kinoslide

Kystku


KALE



# Funksjonane på Kystkultur.no



Meir utførleg forklaring på dei neste sidene



*Er du arrangør og planlegg eit arrangement? Då vil du ha stor nytte og glede av å registrera arrangementet i kalenderen på Kystkultur.no*

## **1) Planlegging**

Når du har oversyn over dei viktigaste elementa i arrangementet ditt er du i gang med planleggingsfasen. Staden der arrangementet skal skje er ein svært viktig ingrediens. Det same gjeld kven som står bak (arrangør) og kva slags arrangement (kategori) det er snakk om. Veit du i tillegg dato og klokkeslett er du komen langt.

## **2) Rådgjeving**

Om du treng innspel på nokre av desse punkta, så kan Kystkultur.no hjelpe med råd per telefon eller i møte med dagleg leiar. Idéutvikling: kanskje treng du nokon å vera kreativ i saman med.

## **3) Registrering**

Etterkvart er du klar for å registrera arrangementet ditt. Lag ein brukarkonto på Kystkultur.no, få tilgang til ein eksisterande, eller opprett ein ny, arrangør. No kan du registrera arrangementet med tittel, tid, stad, hovedbilde, arrangør, kategori, skriva ingress og brødtekst om arrangementet, last opp bilete og så senda det til publisering. Vidare finst det avanserte innstillingar for bildekarusell, målgrupper, fysisk eller virtuelt arrangement, emneknaggar, last opp dokumenter, synleggjering av sponsorar,

billettsalg, påmelding, bygg inn **4) Papirplakaten**

html-kode for visning av multi-media, varslingsfunksjonar for utseld eller få ledige billettar, rangør, kategori, ingress og varsling av avlysing, (i siste linjen) endring av tidspunkt, live-varsel for virtuelle arrangement, Google-kart og Facebook-kommentar. Du har heile linken oppe har du no tilgang til å sjå førehandsvisning av korleis det kjem til å ta seg ut på ulike flater, meir plakat om arrangementet. om dette i punkt 7-10.

The graphic features a blue header with two red pushpins on either side. In the center, the text "Kystkultur.no" is written in blue. Below it is a white rectangular box with a dark blue border. Inside the box, there is a logo for "PANTAENIUS" with a stylized wave above it, followed by "SHETLAND RACE". Below the logo, the dates "23. – 27. june 2021" are listed. At the bottom of the box, the text "Pantaenius Shetland Race" is written in large blue letters. Below the box, the race details are summarized: "Onsdag 23. juni 2021 kl.10:00 – søndag 27. juni 2021 kl. 20:00", "Stad: Marsteinen / Tekslo", and "Arrangør: Vestland Seilkrets". A small text block at the bottom left states: "Vestland Seilkrets har gleda av å invitera til Pantaenius Shetland Race 2021. Pantaenius Shetland Race er ein havregatta med start frå Korsfjorden ved Marstein fyr. Mållinja ligg i Lerwick hamn på Shetland. For meir info: www.shetlandrace.no". Another text block at the bottom right says: "The Bergen-Shetland Races 2021, incorporating a rally for cruising boats, will be conducted on the waters of Bergen, the North Sea and the approach to Lerwick Harbour and vice versa." Logos for Pantaenius, Sportspartner Management Activation, and Vestland Seilkrets are also present.

Interaktiv papirlapp: Skannar du QR-koden til venstre får du arrangementet rett i mobilkalenderen din, medan den høgre QR-koden tar deg til sida for arrangementet (når arrangementet er publisert—sjå punkt 5 og 6). Om du lastar opp eitt eller fleire sponsorlogo, så kjem dei med på plakaten.

## 5) Send til publisering

Underveis medan du legg inn informasjon om arrangementet kan du sjekka korleis det heile tar seg ut i ulike visningsformat via førehandsvisnings-linkane. Når du er nøgd med resultatet er det tid for å senda arrangementet til publisering.

## 6) Sjekk og publisering

Innan 48 timer vil administrator hjå Kystkultur.no sjå over arrangementet. Ser alt ok ut? Trengst det språkvask? Vil infoen fungera på ulike flater, ev. omplassering av info? Vidare vert det produsert ei pressemelding og vurdert kva slags digital annonsering dette arrangementet skal få. Kan hende tek administrator kontakt med den som har registrert arrangementet for evt. avklaringar. Så vert arrangementet publisert.

## 7) Flater med umiddelbar publisering

*Kystkultur.no:* arrangementet er no synleg med si unike side på Kystkultur.no. Arrangements-sida høver godt til å fortelja i fullversjon om arrangementet. Her finn du òg linkar til andre format med info om arrangementet. Brukarar som har tilgang til denne arrangøren kan redigera arrangements-informasjonen. Sjåarar på Kystkultur.no kan finna nettsida til ditt arrangement via

The screenshot shows the Kystkultur.no website with several callout arrows pointing to specific features:

- Hovedbilde / bildekarusell**: Points to the main image of the Bergen harbor.
- Tittel, dato, arrangør, stad, ingress, brødtekst**: Points to the event details section.
- Knappar for SoMe, billettkjøp, pdf-plakat med meir**: Points to social media sharing icons and download links.
- Innebygd innhald, td. YouTube**: Points to a video thumbnail.
- Instagram-straum med emneknaggar**: Points to a grid of Instagram posts.
- PDF-dokumenter**: Points to a document icon.
- Sponsorer med link til deira nettstad**: Points to a section listing sponsors with their logos.
- Google-kart**: Points to a map of Bergen.
- Facebook-kommentar**: Points to a comment section.

framsida, via programsida eller via søk. På programsida kan ein orientera seg kommunevis, via google-kart, via kategoriar eller kronologisk på dato.

**Embed:** Kystkultur.no har samarbeid med andre nettsider og leverer innhald i form av ein embed, dvs. innebygging på ekstern nettside med tilpassa innhald som høver for denne nettsida. Til dømes kan alle arrangement på Bømlo vera aktuelt i ein embed hjå ein aktør som held til på Bømlo.

The screenshot shows the Lokalavisa website with the following visible content:

- Lokalavisa**: The main header.
- Tysdag 7. oktober 2019**: The date.
- Melding 4. oktober 2019**: A news item about a handball tournament.
- G-12: Kjekt på handball-turneringa på Dale**: Another news item.
- Leiar: Godt grunnlag for ny næringsverksemd i bygda**: A headline with a photo of a ship.
- Skatt salar**: A sidebar with information about tax rates.
- Mobiltelefon i skulen opptek elevar på Balderheim**: A sidebar with a photo of students.
- Det er ei utrolig viktig sak**: A quote from a person.
- Tips om**: A section with tips.
- Kystkultur.no**: The footer logo.
- Snakkast på fjorden -kystkultur.no!**: The footer slogan.
- Kystkulturdag på Årøsund Handelstad**, **Fylkeskysttreff på Bømlo**, **Kanaldagane**, **Foredrag om naust**: Event summaries.
- Årøsund Handelstad Sandag 12. aug 1200**, **Kulesdikanalen Fredag 31. aug 1700**, **Kanaldagane Fredag 31. aug 1700**, **Stord Maritime Museum - Natrutelekkien Tysdag 4. sep 1800**: Specific event details.

*Google event* søker: Kystkultur.no legg inn søkemotor-optimaliserte metadata i sin kjeldekode, dette gjør at arrangementet ditt kjem godt fram på Google sine resultatsider. Kystkultur.no skal også utvikla lokalitets-baserte tenester.


**Storskjermsbilete:** Kystkultur.no auto-genererer bilete for fullskjerm visning på skjermar i det offentlege rom. Slike skjermar finst gjerne på stader som kulturhus, idrettshall, skule, på kollektivtransport, venterom, vestibyle, bibliotek, rådhus og butikksenter. Kystkultur.no kan tilby fleire ulike versjonar av storskjermsbileta: *Ferjeslide*: jpg-stillbilde med 20-30 sekunds visning i 1920 x 1000 piksler. Tilpassa skjerm som skal visa rulletekst med nyhende nederst. *Kino-slide*: jpg-stillbilde med 15-30 sekunds visning i 1980 x 1080 piksler. *Tekstslide enkel*: stillbilde med tidsstyrt html-animasjon på dato, stad og arrangør, slik at auga ser mot skjermen og får med seg denne infoen. Funkar godt for visning i 10-30 sekund. *Tekstslide avansert*: stillbilde med tidsstyrt html-basert animasjon på dato, stad, arrangør, ingress og bildekarusell. Funkar godt for visning i 30-60 sekund. *Tekstslide festival*: stillbilde med tidsstyrt html-basert animasjon på dato, stad, arrangør og instagram med arrangementet sin emneknagg. Funkar godt for permanent visning under arrangement. Alle storskjermsformata kan tilpassast liggande eller ståande skjermar.

**QR-koder:** Som nevnt har papir-plakaten to QR-kodar (sjå punkt 4). Vidare har stor-



Arrangements-søk

Kvart arr. får innbakt infokapslar i kjeldekoden = godt synleg opplisting via Google-søk



[Kystkultur.no](#)

## Bli med å ro Myklebustskipet Mai 2020!

Fredag 1. mai 2020  
Kl. 12.00-14.00

Stad: Sagastad

Arr: Sagastad



Les meir

VESTFJELLERLAG gb-design.no Fjordfjell Norges BILDEKARUSSELL

Fjordfjell Spesiallag Galleri nettt

Storskjermsvisning



Les meir



Legg i kalender



skjerms-bileta QR-kode med *Sosiale media*: På arr. sida på link direkte til arrangementet si Kystkultur.no finn du knappar side på Kystkultur.no. Skannar for *lik* og *del* i vanlege sosiale du desse kjem du anten direkte media. Vidare vil Kystkultur.no til arrangementet på Kystkul- prøva å dela info om arrangementet via sine sosiale media. inn i mobilkalenderen din.

## 8) Flater med 1-2 døgns forseinkingar

Storskjermsbilete kan i ferje-slide-formatet ha noko forseinking før dei kjem på lufta. Dette skuldast både at dei vert kun generert ein gong i døgnet, men også ustabil nett-tilgang på til dømes kollektivframkomstmiddel kan spela inn. Det kan såleis ta inntil 48 timer før nye publiseringar og oppdateringar på allereie publiserte arrangement vert synlege her.

## 9) Flater med 1-4 vekers distribusjon / 14-7 dagar før arr.

**Pressepakke:** Som ein del av publiseringa i punkt 6) sender Kystkultur.no ei pressemelding med trykkelar tekstu og høgkvalitetsbildefil(er) til lokalavisa. Slik får redaksjonen både eit tips og ei trykkelar sak. Så er det opp til redaksjonen å avgjera om dette stoffet er av interesse for lokalavisa eller ikkje.


**Annonsepakke:** Kystkultur.no autogenererer og sender publiseringsklare bildefiler for digital annonse tilpassa for mobil og nettstaden til lokalavisa. Desse bildefilene vert så publisert hjå lokalavisa med link til arrangementet si nettside på Kystkultur.no. Kor mykje annonsering som kjem kvart arrangement til gode vert avgjort i kvart enkelt tilfelle av Kystkultur.no

**Kampanje-forsterkaren** gjer deg som arrangør hove til å fylla på denne annonsepotten. Då betaler du inn eit valfritt beløp som utelukkande vert nytta til å annonsera for arrangementet ditt.


## PRESSEPAKKE

- Autoutsendt infopakke til avisredaksjonar
- Deadline-tilpassa utsendingstidspunkt
- Skreddarsydd innhald etter dekningsområde
- HQ-bildefiler
- Trykkelar pressemelding
- Link til meir info

Innbygging på nettsida  
Digital annonsering – netboard + mobilboard



Board Mobil  
320x250 px



Netboard  
580x400 px

## Nyhendebrev

Brukar kan redigera kva han mottar:

- Sortering på geografi/tema/målgruppe

Innhaldstypar:

- Kalenderinfo
- Bløggstoff
- Krambunytt
- Redaksjonelt

**Nyhendebrev** frå Kystkultur.no: På slutten av kvar månadsaktivitet sender Kystkultur.no ut eit sjon om. Nyhendebreva inneheld nyhendebrev med informasjon kalender-nytt, bløggstoff, om neste månads aktivitetar, krambubrev og redaksjonelt. Mottakarane har hove til å redigera kva slags område og kategorier dei mottar informasjon om. Nyhendebrevet inneheld også informasjon om arrangementet Torgdagen i Bergen 12. juni kl. 1100-1800 Festdag for bymann og strikk. Innholdet er tilgjengelig på plakaten og QR-kodane. Les meir her.



## 10) Schibsted på tvers

Kystkultur.no sender publiseringssklare bildefiler for digitale annonser tilpassa for mobil og nett. Desse bildefilene vert så publisert på Schibsted sine flater (til dømes vg.no, bt.no, E24.no, finn.no og Schibsted sine lokalaviser) med link til arrangementet si nettside på Kystkultur.no. Annonseringa via Schibsted på tvers skjer normalt 7-3 dagar før arrangementet startar. Kor mykje annonsering som kjem kvart arrangement til gode vert avgjort av Kystkultur.no

*Kampanje-forsterkaren* gjer arrangøren høve til å fylla på denne annonsepotten. Då betaler ein inn eit valfritt beløp, som utelukkande vert brukt til å annonsera for dette arrangementet.

## 11) Hastevarsel

Kystkultur.no tilbyr eitt sett med hastevarsel som kan vera nyttig for arrangøren for å fortelja om arrangementet. A) *Få ledige biletta*: Dersom arrangementet sel billettar kan ein varsle med til dømes *få ledige billettar igjen* eller *ingen ledige billettar igjen*. B) *Endring av tidspunkt / avlyst*: dette kan vera nyttig dersom det er naudsynt å endra tidspunktet for arrangementet kort tid før det skal gjennomførast, eller om det er naudsynt å avlysa arrangementet. C) *Live-varsling*: Dersom det er mogleg å følga arrangementet virtuelt kan du leggja til varsling av at no skjer det noko virtuelt. Varslinga vil visa kort tid før arrangementet startar og medan det pågår.

Hastevarsla viser med raudt på nettsida, på tekstsleidesverjonane av storskjermsbileta, embed, netboard og mobilboard.

# Schibsted på tvers

Bergens Tidende StavangerAftenblad

Aftenposten



VG

DINE PENGER+

mittanbud




Fædrelandsvennen

osloby godt

E24

MINMOTE



## Hastevarsel

- Få ledige biletta*
- Endring av tidspunkt / avlyst*
- Live-varsling*



## Arkiv

Oversiktleg arkiv over det lokale kulturlivet

Sortering på ulike kriterier: geografi, tema eller årstal

Kystkultur.no Verda vert lita med god bør -kystkultur.no!

Tidlegare arrangement

År: 2017 2018 2019 2020 Filter

Arrangementer i Alver kommune

Marknadsdag på Bogatunet, Kystsogedagane Holmeknappen, Er Svindalsfolket ostringar?

Il. aug 12:00 - Bogatunet, Aktivitetstype, Familiendag, Hushold og handverk, Lokal mat, Rotta, Utstilling, Turer med fjordstasjonene

23. aug 22:00 - 25. aug 2019 - Holmeknappen, Marknad, Gudstjeneste, Blitar, Familiendag, Hushold og handverk, Koncert, Omvisning, Museum, Veterantur, Utstilling, Turer med fjordstasjonene

25. aug 15:00 - Eknesvågen, Foredrag

## 12) Gjennomføring av arrangement

## 13) Arkiv / dokumentasjon

Når arrangementet er ferdig Medan arrangementet går føre vert det overført frå kategorien *aktuelle* hendingar til *tidlegare* arrangement på Kystkultur.no her kan sjåarar finna det via søk eller kommunevis, kronologisk eller kategori-opplisting.

## 14) Dataanalyse

Via Google Analytics får Kystkultur.no statistikk over vitjartala på kvart arrangement. Vidare er det lagt inn metadata slik at ein kan sjå kvar trafikken kjem frå, til dømes via QR-kode på plakat eller stor-skjermsbilete, via sosiale media, via digital annonse i lokalaviser eller via Schibsted på tvers. Alt dette er over tid med på å gje auka kunnskap om kva slags marknadsføring som gjer best effekt i ulike områder.



Statistikk over vitjartal

Kvar kjem trafikken frå?

= meir målretta  
marknadsføring i framtida

## 15) Evalueringsskjema

Tre døgn etter arrangementet er ferdig sender Kystkultur.no ut eit evalueringsskjema på epost til arrangøren. Eit av spørsmåla handlar om kor stort publikum arrangementet hadde, dette er vesentleg for å kunne legitimere Kystkultur.no hjå våre finansielle støttespelaar. Andre tilbakemeldingar vil resultera i stadige oppgraderingar på Kystkultur.no.

Automatisert utsending av evalueringsskjema til arrangørar

Nokre dagar etter at eit arrangement er avslutta går det ut eit enkelt evalueringsskjema

Tilbakemeldingar her resulterer i stadige digitale oppgraderingar



The form is titled 'Kystkultur.no Evaluering'. It contains several questions with answer fields and checkboxes:

- Namn på arrangement: \_\_\_\_\_
- Korleis gjekk arrangementet?
- Er dokumentasjon publisert? (presseomtale, bildegalleri, video)
- Involverte totalt: \_\_\_\_\_
- Involverte arrangørar: \_\_\_\_\_
- Involverte publikum: \_\_\_\_\_
- Korleis vurderer du marknadsføringa via Kystkultur.no?
- Har du forslag til forbeteringar for Kystkultur.no? \_\_\_\_\_

A 'Send' button is located at the bottom right.

Vidare får du som arrangør frå punkt 14) for ditt arrangement sjølv sagt tilgang til statistikken ment.

Så enkelt lagar du eit arrangement på Kystkultur.no

- Registrerer brukar/logg inn
- Få tilgang til ein arrangør og opprett arrangementet
- Send til publisering, som skjer innan 48 timer.

Få arrangement frå  
Kystkultur.no rett i  
mobilkalenderen din

Logg inn og start abonnent

Skreddarsy utvalet for deg:  
• arrangementskategori  
• geografi  
• målgruppe





## Bløggen – nå ut til folk nært deg med seriøs bløgging

Bløggen kjem til å bli eit viktig medium for mange aktørar:

- Arrangør og publikum
- Småskala produsentar
- Artist/utøvar/handverkar
- Klubbar/ styresmakter

Via Bløggen kan du nå ut på flater der folk ferdast digitalt:

- Større mediesider
- Lokalavisa
- Sosiale media
- Nyhendebrev på epost

Du kan også nå ut på flater der folk ferdast fysisk:

- Butikksenter
- Kollektivtrafikk
- Kommunale bygg
- Forsamlingshus



**Knakande kjekk sumarleir på Storøya**  
50 glade barn var med på sumarleiren til Åsane Seilforening på Storøya. Dei segla, bada, grilla og gikk på skattekjakt.



**Sol, solgangsbris og tropavarme**  
Vaksne og barn var alle glade over det flotte været på årets Fjord & Fjell. Fyrst segla båtane til Våge, deretter gikk seglarane opp på Nuten og naut utsynet over fjorden.

Les heile saka på Kystkultur.no



**God påmelding til Møkster maraton**  
Så langt er det påmeldt 63 løparar til årets Strilen hadde rydda både framsida og to heilsider vakkreste maraton i havgapet. Møkstrafolket lover til reportasjen om opningsmarkeringa på ein fantastisk loparfest for alle som vil springa i Gulatinget.

Les heile saka på Kystkultur.no



**Flott oppslag i Strilen om Gulatinget**  
Så langt er det påmeldt 63 løparar til årets Strilen hadde rydda både framsida og to heilsider vakkreste maraton i havgapet. Møkstrafolket lover til reportasjen om opningsmarkeringa på ein fantastisk loparfest for alle som vil springa i Gulatinget.

Les heile saka på Kystkultur.no

Kommunebløggen i samarbeid med [Kystkultur.no](#)

Så enkelt vert du ein Bløggar på Kystkultur.no:

- Registrer brukar/logg inn
- Lag innlegget med tekst, foto, video og lyd, kategori og emneknaggar
- No er bløggposten klar for publisering, noko som skjer innan 48 timer.



## Krambu – nettbutikk for småskala produsentar

Krambu er eit tilbod for deg som driv med sal av kulturbaserte produkt. Du kan ha butikk i Krambu på Kystkultur.no (eller senda kundesakene du kan lokka med i den vidare til di eiga side).

- Mat frå sjø eller gard
- Handverk-tekstil-trearbeid
- Maritim/lokal litteratur
- Heimelaga varer
- Registrer ditt org. nr.
- Legg til produkt og omtale
- Velg betalingsmåtar
- Pluss på fraktmåtar og pris
- Lag stoff til Krambubrevet
- Få kontakt med arrangørar
- Ta gjerne Bløggen i bruk
- Ikkje gløym sosiale media



Bli ein synleg kramkar for kundar frå Sveio i sør til Stad i nord!

# Kystkultur.no! -tradisjon og utvikling

# Kystkultur.no

## KYSTKULTUR- RÅD

Rådgjeving til alle typar aktørar

Bindledd for organiserte aktørar

Skaper møtestader, varige prosjekt og dyrkar kunnskapsutveksling

Koordinator for samkøyring av ulike kystkultursatsingar



Det er *Stiftinga Kystkultur No!* som driv Kystkultur.no, ein nettstad som frontar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny. Føremålet er å fremja kystkultur og området sine særtrekk, styrkja identiteten i kystdistrikta og å skapa kultur- og reiselivsopplevelingar knytt til kysten. Auka trivsel, vekst og nye arbeidsplassar er andre viktige målsetjingar. Dette skjer gjennom at folk får oppleva kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar. Bak dei ulike aktivitetar står ei stor og variert gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar. Programmet på Kystkultur.no femner vidt, frå store folkefestar til intime konserter eller små arrangement: konserter, torgdagar, revyar, turar og andre aktivitetar. Mange farkostar er i sving, og folk i alle aldrar kan prøva seg på ulike maritime aktivitetar. Tradisjonsmat, handverk og arbeidsteknikkar, lokale skips- og båttypar er sentrale ingrediensar. På dei mange marknadene kan småskalaprodusentar av ulikt slag, særleg innan mat og handverk, visa seg fram for publikum.

Kystkultur.no er til tider involvert i andre kystkulturprosjekt. Stundom går dette ut på å vera med på å laga eit arrangement, publisering på nett, i avis, sosiale media eller på nettsider. Samarbeidet kan òg vera eit større eller mindre prosjekt der ein drar felles nytte av kvarandre.

### Arrangementsstøtte

Kwart år tildeler Kystkultur.no ut midlar til utvikling av arrangement. Støtte frå Kystkultur.no skal vera ei hjelpe for å gje arrangementet på Kystkultur.no femner vidt, frå store folkefestar til intime konserter eller små arrangement: konserter, torgdagar, revyar, turar og andre aktivitetar. Mange farkostar er i post@kystkultur.no

### Regionale samlingar

Kystkultur.no lagar gjerne samlingar for å inspirera aktørar som driv ulike former for kystkultur. Dette skjer gjerne i samarbeid med lokale aktørar og finn stad på lokale arenaer. Har du forslag til tid, stad og tema – ta kontakt!



Foto: Atle Ove Marthinussen

Dagleg leiar for Kystkultur.no er Kjell Magnus Økland, som skildrar med på å laga eit arrangement, mangesyslar. Les meir om han på www.kjellmag.no

Kjell  
Magnus  
Økland  
Dagleg leiar  
+47 95 04 67 39  
www.kystkultur.no  
post@kystkultur.no

## Fleire bruksområder

Datasystemet bak Kystkultur.no har fleire funksjonar som vil komma til nytte for ulike aktørar i både små og store lokalsamfunn.

**Lokalavis-skjermen:** Lokalavisa kan spre saker via Kystkultur.no sitt distribusjons-system. Særleg storskjermsbileta kan vera nyttige her og vil kunne styrkja lokalavisene som den viktigaste nyhendeformidlaren på heimebøen.

**Kalender-eksport:** Kystkultur.no kan automatisk vidaresenda data frå *Kalenderen* til andre kalenderflater slik som td. destinasjonselskap sine nettsider og andre større kalendersider, som Bergens Tidende sin *Det skjer*-kalender og Friskus.no

**Nettutstilling:** Kystkultur.no kan vera visningsflate for digitale utstillingar og multimedieinnhold, som til dømes 360-graders visning av fysiske utstillingar med klikkbare punkt som kan takast nærmare i augesyn.

**Live:** Ny teknologi gjer det meir og meir vanleg med direkteoverføringar frå ulike typar arrangement. Gjennom live-sendingar er det stort potensiale for å inkludera folk som av ein eller annan grunn ikkje har høve til å vera fysisk til stades. Kystkultur.no syter for at folk både får med seg at det skjer noko og kva som skjer virtuelt i heimtraktene.

**Kystkulturskjermen:** Kystkulturskjermen syter for variasjon i innhaldet på storskjermer i lokale offentlege rom. Denne variasjonen held oppe publikum si nyfikne på kva skjermen viser. Gjennom veksling mellom ulikt fullskjermsinnhald og embeddar (innebygd innhald) kan fleire aktørar få fram sitt spesifikke bodskap. Via ein brukarkonto på Kystkultur.no legg ein inn info, som så vert spreidd som storskjermsbilete via det automatiserte filtreringssystemet. Dermed kjem rett info kjem på rett skjerm til rett tid. Her kan partar som skjermeigar, styresmakt, Kystkultur.no og andre fordela skerm-tida mellom seg på fornuftig vis, slik at bodskapen frå alle når ut til publikum.



## EKSPORT

Dataeksport frå kalenderen til:

- destinasjonsselskap sine nettsider
- andre større kalendersider



## Nettutstilling

Kombinasjon av tekst, lyd, bilde, video, grafikk og tabell

Kystkultur.no kan vera publiseringssplattform

Innbygging av anna medieinnhald

Synleggjering og link for å gå til anna publiseringstad



## LIVE

- Quiz
- Foredrag
- Kurs
- Webinar
- Omvisning
- Ekslusivt +innhald

Livestream frå arrangement  
Få det lokale kulturlivet på lufta



Digitalt sendingsarkiv  
Implementering av ulike tekniske plattformar

## Kystkulturskjermen

Variert og lokalt relevant innhald på infoskjermar i det offentlege rom:

- Kystkultur.no
- Info frå styresmakter
- Skjermeigar sin info
- Stumfilm per Youtube



# 2017

Kjell Magnus Økland ny dagleg leiar  
for Stiftinga Kystsogevekene

Reine Linjer ved Arne Vidar Brekke  
lagar ny nettside

Reine Linjer ved Øyvind Lothe lagar  
nytt programhefte

Arrangør sender info til KMØ på epost

56-siders A5-hefte program trykt  
i 10 000 eksemplar

Programmet trykt i juni og fordelt  
ut til 22 kommunar

Annonsar i lokalavisene sine  
papirutgåver i august og september



# 2018

Kystkulturavisa – 40-siders ilegg i 100 000 eksemplar

Distribusjon via BT, Strilen, BygdaNytt,  
Askøyværingen, Vestnytt og Bladet Tysnes

Oppstart samarbeid med Roy A Nilsen  
i Vardetangen Film


Video på alle ferjer og hurtigbåtar i fylket

Youtubekanal + øg formidling på Facebook



Sjekk programmet for  
Bergen,  
Sunnhordland  
og Nordhordland

[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)



→ 2018



2018-2019



2020



# 2019

Stiftinga byter namn til Kystkultur No! og går for heilårs fremjing av kystkultur

Får hand om domenet Kystkultur.no

Oppgraderingar av logo og designelement

Arrangørar kan logga inn og sjølv leggja inn/redigera info: tittel på arrangement, dato, stad, kategori, biletetekst og last opp dokument

Knappar for sosiale media, legg arrangementet i kalender og høve til å klistra inn anna multimedieinnhald som til dømes medieomtale, bildegalleri og videovindauge.

Plakatgenerator – for oppslag på ein lyktestolpe nær deg

36 siders brosjyre i CD-hefte-storleik med info om Stiftinga Kystkultur No!

## Kystkultur.no



# 2020

Embed: tilpassa utdrag av nettsida kan presenterast hjå andre aktørar, td. Lokalaviser eller lokale verksemder

Fullskala test av embed hjå Vestland Seilkrøts, Bergens SF, Askøy SF, Milde Båtlag

Test av storskjermsbildevisning på båtmessa i Sotra Arena med skreddarsydd aktuelt arrangementsinnhald, sponsorvisning og QR

Schibsted – utvikling av digitale annonsar til kvart arrangement for mobil og desktop

Utpøying av Follow Me og Instagram-embedding via Elfsight under Sunnivaseglasen frå Selje til Bergen

Nettutstilling med hotspots og navigering med tekst i 360-graders bilder



# 2021

Bløgg  
Evalueringkjema  
Ekspert til andre sider  
Pressepakke til lokalaviser  
Google event søk og geovarsling  
Embedskiftar / Kystkulturskjermen  
Digitalt +-innhald / tett på nett / live  
Ekspert til grafiske redigeringsprogram for brosjyreremaking  
Innføring av medlemsavgift frå medlemskommunane  
Fullskala køyring av Schibsted-annonsering

Budsjett for utvikling og lansering Kystkultur.no versjon 1.0 i 2021			
Utgifter	Sum	Inntekter	Sum
Ferdigstilling av programmering versjon 1.0	776 000 kr		
Oppfølging/kvalitetssikring i utrullingsfasen	100 000 kr		
Nyutvikling (→ 2.0) etter lansering av 1.0	250 000 kr		
Grafisk arbeid	150 000 kr		
Reising/overnattning/kundekontakt	100 000 kr		
Utstyrskjøp (digital signage/online skjermar)	200 000 kr		
Teknisk assistent	100 000 kr		
Produksjon av infofilmar	100 000 kr		
Merchandise/trykksaker	24 000 kr		
Annonsering	500 000 kr		
		Investering frå driftsmidlar frå VLFK 2021	250 000 kr
		Medlemsavgift 25 kommunar	370 000 kr
		Eigeninntekter Kystkultur.no 2020	30 000 kr
		Prosjektmidlar frå VLFK	800 000 kr
		Prosjektmidlar frå andre	650 000 kr
		Utsyrrssalg	200 000 kr
<b>Sum</b>	<b>2 300 000 kr</b>		<b>2 300 000 kr</b>


### Status for utviklinga av Kystkultur.no hausten 2020

Status/ format	Konkretisering av idé	Program- mering utført	Intern testing	Ekstern testing	Normal drift	Budsjettet pris
Eiga arr. side	✓	✓	✓	✓	✓	1000 kr
Emneknaggar	✓	✓	✓			1000 kr
Billettsalg	✓		✓			100 000 kr
Legg til i kalender	✓	✓	✓	✓	✓	5000 kr
Last opp pdf	✓	✓	✓	✓	✓	1000 kr
Sponsorar	✓	✓	✓	✓	✓	1000 kr
Papirplakat	✓	✓	✓	✓	✓	1000 kr
QR-kodar	✓	✓	✓	✓	✓	5000 kr
SoMe-knappar	✓	✓	✓	✓		20 000 kr
Kampanje-forsterkar	✓					25 000 kr
Pressepakke	✓		✓			20 000 kr
Annonsepakke	✓		✓			15 000 kr
Google event søk	✓		✓			50 000 kr
Tekstslide enkel	✓	✓	✓	✓	✓	5 000 kr
Tekstslide avansert	✓	✓	✓	✓		5 000 kr
Tekstslide festival	✓	✓	✓			5 000 kr
Ferjeslide / kinoslide	✓	✓	✓	✓	✓	1 000 kr
Liggande/ ståande skjerm-tilpasning	✓		✓			25 000 kr
Mobilboard	✓	✓	✓	✓		10 000 kr
Netboard	✓	✓	✓	✓		10 000 kr
Filtrering	✓	✓	✓	✓	✓	10 000 kr
Embed	✓	✓	✓	✓	✓	15 000 kr
Brukarsstyrt nyhendebrev	✓		✓			30 000 kr
Schibsted på tvers	✓	✓	✓	✓		20 000 kr
Hastevarsel	✓	✓	✓	✓	✓	5 000 kr
Arkiv	✓	✓	✓	✓	✓	5 000 kr
Google analytics	✓		✓			35 000 kr
Evaluerings-skjema	✓		✓			25 000 kr
Kalender- abonnement	✓	✓	✓	✓		10 000 kr
Kalender-eksport	✓		✓			50 000 kr
Bløgg	✓		✓			50 000 kr
Krambu	✓		✓			100 000 kr
Kystkulturråd	✓	✓	✓	✓	✓	10 000 kr
Vevstad for andre	✓	✓	✓	✓	✓	10 000 kr
Lokalavis-skjermen	✓		✓			25 000 kr
Nettutstilling	✓	✓	✓	✓		30 000 kr
Live / virtuelle arr.	✓	✓	✓	✓		5 000 kr
Kystkultur-skjermen	✓		✓			35 000 kr
<b>Sum</b>						<b>776 000 kr</b>

# Vegval frametter—økonomi

## 1. Organisering av redaktørarbeidet

- A) Byggja opp ein sentral redaksjon
  - B) Byggja ut kommunale redaktørar med ansvar for sin kommune
  - C) Regionale temaredaktørar for ikke-stadbundne publiseringssaker
  - D) Blanding av desse tre prinsippa
- KMØ meiner D.



## 2. Grad av brukarbetaling

Kalender

- E) Arrangør betaler for å registera arrangement—Ja/nei
  - F) Arrangør betaler for å nytta kampanje-forsterkaren—Ja/nei
- KMØ meiner E) nei, F) ja
- Bløgg
- G) Sendar betaler for å registrera bløggpost—Ja/nei
- KMØ meiner G) nei

Krambu

- H) Kramkar betaler periodeabonnement for å ha krambu—Ja/nei
  - I) Kramkar betaler for å nytta kampanje-forsterkaren—Ja/nei
- KMØ meiner H) nei på kort sikt, kanskje på lenger sikt, I) ja

## 3. Generelle inntekter

Del av transaksjonsavgift går til Kystkultur.no?

Dette gjeld ved:

- K) Billetsalg
  - L) Krambusalg
  - M) Kan Kystkultur.no ta forteneste av mellomleddsfunksjonar ved vidaresalg?
- KMØ meiner K) ja, (moderat) L) ja (moderat)  
M) ja (moderat)

## 4. Fordeling av faste annonseutgifter

Stiftinga sine driftsmidlar og den kommunale medlemsavgifta dekker grunnpakken for annonsering:

- Via lokalavis
- Schibsted på tvers
- Skjermar på kollektivtrafikk
- Ekstra spredning på sosiale media
- Andre flater

KMØ meiner ja, driftsmidlar (1/3) og kommunal medlemsavgift (2/3).

## 5. Drift/utvikling av Kystkultur.no

Økonomisk modell bør setja av midlar til drift og utvikling av Kystkultur.no

KMØ meiner inntekter i punkt 1, 2 og 3 kan gå til drift/utvikling av Kystkultur.no, i tillegg bør det tilførast meir frå stiftinga sine driftsmidlar til dette.

Egeninntekter  
Kystkultur.no


Stiftinga sine  
driftsmidlar

Medlems-  
kommunar

## 6. Driftsmidlar Stiftinga Kystkultur No!

Identifisering av potensielle kjelder til driftsmidlar:

- M) Vestland fylkeskommune
  - N) Norsk kulturråd
  - O) Fond/legat
  - P) Næringsliv/sponsorar
- KMØ meiner M) ja, N) ja, O) ja, P) ja
- Q) Kan ein utarbeida storpakkeløysingar der sponsorar får att eksponering via Kystkultur.no sitt distribusjonssystem og at det er eit samsvar mellom støtte og eksponering?
- KMØ meiner Q) Ja, men berre nøye utvalgte aktørar




## Vegval frametter— arbeidsområde

Stiftinga Kystkultur No! har i skrivande stund 25 medlemskommunar med vekslande storleik og folketal, frå vesle Modalen og Fedje med berre nokre få hundre innbyggjarar til storbyen Bergen, Noreg sin nest største by. Dersom ein får Kystkultur.no til å verta ein kulturrallmenning for innbyggjarane i desse 25 Vestlandskommunane vil det ha stor overføringsverdi til andre stader i landet. I fyrste omgang kan stiftinga fort utvida sitt medlemstal innanfor Vestland fylkeskommune sine grenser og det kan skje i løpet av kort tid.

I neste omgang kan ein sjå for seg ei trinnvis utviding der fleire fylke vert innlemma i dette samarbeidet. Her kan det nemnast at det har vore interesse frå aktørar i både Møre og Romsdal og Agder til dagleg leiar med spørsmål om utvidingsplanar.

Kystkultur.no er bygd opp med kommune-nummer som basis for systemet og det er såleis relativt enkelt reint teknisk å utvida det med anten enkeltkommunar, enkelfylke eller ta steget heilt ut langs heile norskekysten. Det seier seg sjølv at slike utvidingar vil krevja auka ressursar og betra villkår, slik at systemet vert personuavhengig på både teknisk og redaksjonell side.

Ein kan óg sjå for seg at systemet bak Kystkultur.no kan vera til stor nytte for det allmenne kulturlivet på nasjonalt plan. Dette gjeld særleg på bygdene og dermed kunne td. eit namn som bygdekultur.no vera aktuelt for ein nasjonal allmennkulturell versjon av Kystkultur.no



# Digital infrastruktur for framtidas lokalkultur

*STIFTINGA KYSTKULTUR NO! er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og verke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen.*


Stiftinga er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og 25 kystkommunar i frå Sveio i sør til Stad i nord. Fylkeskommunen er Stiftinga Kystkultur no! sin viktigaste økonomiske støttespelar.

Stiftinga driv nettstaden Kystkultur.no, som frontar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny.

Visjonen er at Kystkultur.no skal bli ein sentral kulturkringkastar kring kystkultur i Vestlandsregionen.

Gjennom å skapa eit felles økosystem der dei digitale og dei lokale treffpunktene smeltar saman, vil Kystkultur.no gjera livet enklare for publikum, arrangørar, artistar, handverkarar, utøvarar, småskala produsentar, kommunar, sponsorar, lokale media, tilreisande og turistar.

Med til saman over 50 års erfaring frå utvikling av nettsider har Arne Vidar Brekke (Reine Linjer Internett) og Kjell Magnus Økland (Kystkultur.no) arbeidd fram Kystkultur.no. Stiftinga Kystkultur No! har i perioden 2017-2020 investert om lag 2,2 mill. kroner i Kystkultur.no. Gradvis har det dukka opp nye horisontar og denne prosjektskissa er eit forsøk på å gje deg eit samla oversyn over funksjonane, og dei perspektiva me ser seinhausten 2020.



Sjå kva som skjer  
på **kystkultur.no**

## Kvifor Kystkultur.no?

Med Kystkultur.no har det offentlege høve til å utvikla ein infrastruktur for informasjonsarbeid som er ikkje-invaderande, fleksibel, og som styrkjer det lokale kulturlivet på grasrota. Dagens nivå på skjermteknologi, mobil, breiband og folk sin teknologikompetanse gjer det mogleg å få desse flatene og funksjonane til å smelta saman i ein ny digital tidsalder. Samstundes kan ein unngå at samfunns-flater som offentlege bygg og kollektivtrafikk vert prega av kommersiell reklame. Kystkultur.no er utvikla med tanke på å vera robust uavhengig av sosiale mediers skiftande status og flyktige karakter.

Innhaldet på Kystkultur.no er ei blanding av brukargenerert og redaksjonelt innhald. Via synkronisert krysspublisering vil Kystkultur.no løfta fram både det ultralokale og det meir sentrale på mange flater der folk ferdast, anten i det fysiske livet eller i det digitale. Gjer deg klar til å kasta munnbindet og finn fram sjøstøvlane. Det er dags for å ta digitale sjumilssteg inn i framtida!

Velkommen med på laget!

Kystkulturell helsing frå  
Kjell Magnus Økland  
[post@kystkultur.no](mailto:post@kystkultur.no)  
[www.kystkultur.no](http://www.kystkultur.no)  
+ 47 95 04 67 39